



Uskedelingane Marit Inga Traavik Sture og Katrine Yri Røssland var blant dei 15 ungdommane som fredag gjekk på gjøglarkurs på Husnes. Lærarar var ei gruppe på tre frå Tønsberg - Zirk Mir.

Kurset gjekk føre seg på Undarheim skule og deretter viste elevane kva dei hadde lært i storsenteret og under ei forrykande sirkusframsyning i biblioteket (biletet)..

Det var halsbrekkande akrobatikk, flotte fargar, sigøynermusikk og klovneriar, skreiv Kvinnheringen som er svært imponert over det ungdommane presterte.